

## Årsmelding for 2013

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er eit selskap organisert etter Lov om interkommunale selskap. Selskapet har følgjande kommunar i Hordaland som deltakarar: Askøy, Austevoll, Austrheim, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Fjell, Fusa, Granvin, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Odda, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Stord, Sund, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss og Øygarden.

Selskapet har kontor i Bergen kommune og har som formål å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Leiar for representantskapet har vore: Lars Barstad, Meland og nestleiar er Elin Valland Haugen, Kvinnherad.

Styret har bestått av:		Varamedlemmer etter liste:
Leiar:	Jan Tore Helle	1.Bente Skjerping
Nestleiar:	Birte Aasen	2.Reidar Mehl
Medlem:	Ole Jonny Opkvitne	3.Jenny Aanderaa
Medlem:	Sigrid Laupsa	
Medlem:	Simen Soltvedt	

Tilsettere representant: Øyvind Olsen, vararepresentant for tilsette: Lill Tåve Jørgensen  
Observatør frå Statsarkivet Marianne Herfinndal.


Dagleg Leiar fungerer som sekretær og saksbehandlar for styret. Styret har i alt hatt tre møter i 2013 og behandla 19 saker om arkivet si drift og økonomi.

Det har ikkje vore arbeidsulykker i løpet av 2013. Sjukefråværet i 2013 har vore 6,2 % av arbeidstida. Selskapet har 7 tilsette, tre kvinner og fire menn. Selskapet si verksemd har ingen konsekvensar for det ytre miljø.


Årsrekneskapen for 2013 viser eit mindreforbruk på kr. 530.462,71. Årsrekneskapen er sett opp med den føresetnad om at drifta skal halde fram.


Vi stadfester hermed at føresetnaden for framhald av drifta er til stades.

Bergen. 19.02.13


  
Styreleiar: Jan Tore Helle

  
Nestleiar: Birte Aasen

  
Styremedlem: Sigrid Laupsa

  
Styremedlem: Ole Jonny Opkvitne

  
Styremedlem: Simen Soltvedt

  
Dagleg leiar: Rune Lothe